
Saksnr: 2020/78418-1
Saksbehandlar: Hans Inge Gløppen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.02.2021

Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtar å vidareføre «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*» som mellombels handlingsplan, fram til «*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» vert sett i verk i etterkant av vedtak i fylkestinget i juni 2021.
2. «*Energi*» og «*Sirkulære forretningsmodellar*» er prioriterte satsingsområde for budsjettposten som er sett av til søkbare midlar.
3. Handlingsplanen vert tilpassa budsjett og økonomiske rammer for 2021.

Samandrag

I denne saka er det gjort framlegg om ei vidareføring av «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*» som mellombels handlingsplan fram til «*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» vert vedteken av fylkestinget i juni 2021.

I «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021» er det foreslått korleis midlane til innovasjon og næringsutvikling skal prioriterast i 2021, og kva strategiske innsatsområde verkemidlane skal innrettast mot. Tiltaka i handlingsprogrammet er resultat av innspel frå næringsliv, FoU og utdanningsinstitusjonar, innovasjonsmiljø, verkemiddelapparat og kommunar.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg: Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

«*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling for Vestland 2020 - 2033*» er under utarbeiding, og meldt opp for handsaming i fylkestinget i juni 2021. Planen er ein regional plan etter Plan- og bygningslova, der det i «§ 8-1 Regional plan» går fram at det «skal utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmynde og rullerast årleg.».

Det er behov for å ha ein vedteken handlingsplan for heile 2021, ikkje berre frå perioden etter vedtak av regional plan i juni 2021. Fylkeskommunen er derfor i ein situasjon der det trengs ein handlingsplan som mellombels styringsdokument fram til det forventa vedtaket i fylkestinget i juni 2021 er sett i verk. Handlingsplanen legg føringar for korleis budsjettmidlane skal prioriterast.

Politiske vedtak som ligg til grunn for saka

Hovudutval for næring vedtok 13.02.20 «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020*» (PS 9/2020). Dette handlingsprogrammet er føreslått vidareført inntil ny handlingsplan er klar, og følgjer som vedlegg til saka.

Fylkestinget vedtok «*Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi*» (PS 91/2020) den 29.09.20. Utviklingsplanen har følgjande hovudmål:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Fylkesutvalet vedtok 12.02.2021 å sende «*Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» (PS 1/2021) ut på høyring i perioden 25. januar 2021 - 8. mars 2021. Sjølv om planen ikkje er vedtatt, så er kunnskapsgrunnlag og planprosess førande også for innretninga av den mellombelse handlingsplanen.

Overordna føringar for handlingsplanen

Handlingsplanen er i utgangspunktet innretta mot sju strategiske innsatsområde. Prioriteringa av innsatsområda er basert på gjeldande planverk, rapporten «*Vestland - utfordringar for fylket og regionane*», samt innspel frå partnaraskapen til Vestland fylkeskommune. Innsatsområda er:

- Omstilling
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon
- Vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering
- Forsking for å styrka innovasjonsevne
- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturressursforvaltning

Rapporten «*Vestlandscenarioene 2020*» frå EY - tinga av Vestland fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd og Bergen kommune - byggjer vidare på desse innsatsområda. I denne rapporten er det skissert ei ønska utvikling fram mot 2035 med utgangspunkt i følgjande hovudtrekk:

- Realisere identifisert potensiale i alle eksportnæringane
- Utsatte beslutningen om å elektrifisere Nordsjøen for å sikre nok nettkapasitet
- Auke eksportandelen og snu eksportprofilen frå råvare til teknologi og tenester
- Skalere pilotar i de nye verdikjedene
- Utnytte våre konkurransefortrinn og bygge sirkulære forretningsmodellar på tvers av partnarar og geografi
- Ta de riktige vala i tide

Dei fem berekraftsmåla - nr 8 anstendig arbeid og økonomisk vekst, nr 9 innovasjon og infrastruktur, nr 10 mindre ulikheit, nr 12 ansvarleg forbruk og produksjon og nr 17 samarbeid - er gjennomgåande

i alle innsatsområda. I tillegg vil kvart innsatsområde også rette seg inn mot miljø-mål og sosiale-mål.

Innovasjonsomgrepet som er lagt til grunn for handlingsplanen famnar fleire områder.

Kortversjonen er at innovasjon er verdiskaping gjennom:

- nye produksjons- og utviklingsprosessar samt innføring av ny teknologi
- nye eller vesentleg fornya og forbetra produkt eller tenester
- nye organisasjons- og leiingsformar
- nye distribusjons- og marknadsføringsformer
- nye forretningsmodellar

Samarbeid på tvers av bransjar, auka kompetanse og godt samspel mellom bedrifter, kundar, leverandørar og kunnskapsmiljø er ofte ein viktig føresetnad for innovasjon. Eit prioritert tiltak i handlingsplanen er å leggja til rette for samarbeidsavtalar med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutviklingsarbeid i Vestland fylke.

Søkbare midlar

Søknadstilgangen på dei søkbare midlane i 2020 bar bod om ei tydelegare prioritering av kva satsingsområde som skal prioriterast første halvår 2021. I fjor kom det inn omlag 200 søknader om til saman 215 mill. kroner i tilskot. Potten til fordeling på var 21,5 mill. kroner, og tre fjerdedelar av søknadene fekk avslag.

I år er det gjort framlegg om ei tydelegare prioritering av dei søkbare midlane inn mot satsingar knytt til energi og sirkulære forretningsmodellar. «*Vestlandscenarioene 2020*» er tydeleg på at det hastar med å satse på grøn- og berekraftig omstilling i Vestland. Vidare at ein i større grad må fokusere på nye verdikjeder basert på etablerte bransjar. Dei regionale planane understrekar det regionale perspektivet, om å ta heile fylket i bruk.

Det er lagt opp til to søknadsfristar - 15. april og 15. september. Midlane skal ikkje nyttast som direkte bedriftsstøtte, men i større grad innrettast mot tiltak av tilretteleggjande karakter og samarbeidsprosjekt på tvers av bransjar.

Energi

Vestland er Norges største og viktigaste energi-, industri- og eksportfylke. I møte med strammare global, nasjonal og regional klimapolitikk er det behov for å sjå olje, kraft og energi i samanheng. Olje- og gassnæringa med tilhøyrande leverandørindustri må vera budd på brå og varige prisfall, og høgare pris på utslepp. Delar av oljenæringa skal omstillast det neste tiåret og god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er eit premiss for vidare verdiskaping i fylket.

Olje- og gassektoren er ein viktig leverandør av teknologiutvikling og bransjen betyr mykje for næringsutviklinga i Vestland, ikkje minst for fornybarsatsinga. Blågrøn vekst i energisektoren er, parallelt med omstillinga inn mot fornybare energikjelder, avhengig av å byggja vidare på olje- og gassnæringa. Rapportane handlingsplanen byggjer på viser at Noreg står overfor eit betydeleg eksportgap i framtida.

Vestland har god tilgang til rimeleg, fornybar energi, høg kompetanse på elektrifisering og svært gode føresetnader for å vidareutvikle vasskraftsystema og kraftkrevjande industri. Det er også potensiale for utvikling langs kysten, der ein har fleire stader har opparbeidd industriareal knytt til hamner. Eit anna område med industripotensiale er mineralutvinning på havbotnen.

Det er viktig vare på kompetansen og teknologien i oljenæringa, slik at vi klarer å bruke den når fornybar og nye næringar skal byggast opp.

Sirkulære forretningsmodellar

Vestland har ein stor ressursbase for å skalere sirkulære forretningsmodellar (t.d. CO2, varmtvatn og avfall). Sirkulærøkonomi omfattar alle bransjar, men ulike bransjar har ulike problemstillingar. Under er det lista opp prosjekt som kan vera aktuelle, ikkje som direkte bedriftsstøtte, men som samarbeid mellom bransjar eller fleire verksemder.

- Nye forretningsmodellar som sikrar auka levetid og gjenbruk av produkt, komponentar og material.
- Bruk av AI og digitale løysingar for å fremje sirkularitet og full utnytting av ressursar
- Produksjon som fører til mindre avfall, miljøvenleg ressursutnytting og sikrar lengre levetid for råstoff og lettare resirkulering
- Industrielt samarbeid mellom bedrifter der t.d. avfall hos ein produsent blir innsatsfaktor hos ein annan

Covid-19

Også i 2021 vil det vera store utfordringar knytt til den globale koronapandemien - særleg knytt til reiselivsnæringa. Her har næringsutvalet allereie sett av 17,9 mill. av rekneskapsoverskotet for 2019 til næringsretta innsats for å dempe skadeverknadene. Frå nasjonalt hald er det i tillegg lansert ei rekkje krisetiltak på dette området.

Covid-19 er ikkje prioritert særskilt i handlingsplanen, men utfordringane på dette området vil ha stor merksemd i tilfelle det trengs målretta innsats i løpet av 2021.

Budsjett 2021

Med dette som utgangspunkt er det utarbeidd eit budsjett for «*Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021*» med ei ramme på om lag 273,8 mill. kroner. Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Forvaltninga av verkemidla er delt mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og andre lokale-, regionale og nasjonale aktørar. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknader om støtte til bedrifter blir handsama av Innovasjon Noreg, eller i samarbeid med Norges Forskingsråd.

Vestland fylkeskommune har hovudansvaret for «*Handlingsprogram for innovasjon og næring i Vestland*», men både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemdar, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd og regionale- og statlege verkemiddelaktørar.

Budsjettet er fylkeskommunen sitt. Tiltaka i handlingsprogrammet inkluderer også økonomiske- og administrative ressursar frå tiltakshavarar og andre partar som er involverte.

Budsjettpost	2020 NOK	2021 NOK
Avsett til søkbare ordningar fordelt på dei strategiske innsatsområda		
Søkbare utviklingsmidlar til fordeling på ulike strategiske innsatsområde	18 000 000	21 014 000
Grøn konkurransekraft/klimainnovasjon	6 263 000	3 500 000
Sirkulærøkonomi – verdikjeder knytt til resirkulering av plast		2 000 000
Til disposisjon i 2. halvår		2 000 000
Verdiskaping byar og regionar		
Overføring til Innovasjon Norge og SIVA (KMD 553.61)	99 400 000	105 100 000
Øymerka midlar til samarbeidsaktørar (partnarskapsmidlar)	13 063 000	17 220 000
Digital infrastruktur og breiband	23 700 000	21 700 000
Innovasjonsuken Opp		350 000
Bergen Vitensenter		3 500 000
Entreprenørskapsstøtte		1 449 000
Kommunale næringsfond	4 000 000	0
Naturressursar, landbruk og reiseliv		
Tilrettelegging for satsingar	600 000	
Marine næringar		200 000
Mineralressursar		500 000
Vassforvaltning	5 953 000	6 805 000
Naturressursforvaltning	1 050 000	1 050 000
Landbruk	11 250 000	11 500 000
Reiseliv medrekna turistvegar i Hardanger	11 800 000	13 300 000
Lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta	6 781 000	7 081 000
«Travel like the locals», handlingsplan cruice, berekraftig reiseliv	1 500 000	
Program kompetanse marin – «frå raud til grøn sone»	500 000	
Forsking, kompetanse og internasjonalisering		
Internasjonale prosjekt/kompetanse	600 000	4 100 000
Regionalt forskingsfond Vestland	18 355 000	18 890 000

Etablerarretteiing	4 149 000	
Etablerarsenteret		2 709 000
Rett kompetanse	13 738 000	
Karriere Vestland		14 882 000
Kompetansepilot		1 500 000
Karriereretteiing introduksjonsprogram		3 330 000
Regionalt kompetanseforum		1 700 000
FORREGION (MobiFORSK og VRI4)	7 000 000	8 450 000
Prosjektmidlar frå EU-program	4 345 000	
Bedriftsintern opplæring (BIO)		5 500 000
Partnarskapsmidlar (Teknoløftet, Vestlandsforskning og Ungt Entreprenørskap)	2 700 000	
Grøn vekst, klima og energi		
Klimapartner	2 510 000	
Drosjelading – klimasatsmidlar (Miljødirektoratet)	3 385 000	
Hydrogen	900 000	
Sum	261 542 000	279 330 000

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har heimel til å gjere vedtak i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Handlingsplanen styrer verkemidlane knytt til innovasjon og næringsutvikling.

Klima:

Eitt av formåla med handlingsplanen er å bidra til nullutslepp av klimagass innan 2030.

Folkehelse:

Omsynet til folkehelse er overordna for alle innsatsområda i handlingsplanen.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Handlingsplanen er tufta på mål og strategiar i gjeldande planverk.

Konklusjon

«Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021» vert i samsvar med tilrådinga i denne saka.